

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 19.01.2022
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven/Marit Kleiven
SAKA GJELD: **Utviklingsplanen - Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2021/981

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.01.2022

STYRESAK:
005/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner Utviklingsplan Helse Førde 2035 med dei justeringar administrerande direktør har føreslege å ta inn frå høyringsrunden.
2. Utviklingsplanen vert send til Helse Vest innan 1. mars 2022.
3. Styret legg til grunn at utviklingsplanen vert fortløpande oppdatert med statusmeldingar om måloppnåing, data og andre mindre justeringar.

Oppsummering

Utkast til revidert utviklingsplan vart send på intern og ekstern høyring 8. desember 2021 med høyringsfrist 17. januar 2022.

Planutkastet er ei vidareføring av utviklingsplanen frå 2018, men er oppdatert og justert med nye føringar.

Denne gongen er utviklingsplanen heildigital, det vil seie ei eiga nettside:

- [Lenke til utviklingsplan for Helse Førde fram mot 2035](https://sites.google.com/nestegenerasjonplan.no/utviklingsplan-helse-frde/heim-utviklingsplan-2021-2035)
(<https://sites.google.com/nestegenerasjonplan.no/utviklingsplan-helse-frde/heim-utviklingsplan-2021-2035>)

Helse Førde har motteke ni innspel i høyringsperioden, mellom anna frå KS Vest, Universitetet i Bergen, NAV Vestland, Helse Bergen, Helse Fonna og felles brukarutval i Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane.

Vedlagt følgjer høyringsinnspela og ei liste med oppsummering av høyringsinnspela, samt framlegg til korleis Helse Førde vil ta omsyn til innspela i planen.

Fakta

Helseføretaka fekk tidleg i 2021 oppdrag frå Helse Vest om å revidere utviklingsplanane. 26. mars 2021 fekk styret i Helse Førde orientering om at arbeidet med revidering av utviklingsplanen frå 2018 starta, og styret har seinare fått statusorientering i møte 18. mai 2021. Fristen for oversending av planen til Helse Vest er 1. mars 2022.

«Ein utviklingsplan er ein plan for korleis eit helseføretak vil utvikle si verksemd for å møte framtidig behov for spesialisthelsetenester. Ein utviklingsplan skal peike på ønska utviklingsretning for sjukehusa (verksemda) i helseføretaket, og kva tiltak som er nødvendige for å møte framtidens utfordringar». [Nasjonal rettleiar for arbeidet med utviklingsplaner](#).

(<https://helse-vest.no/seksjon/styresaker/Documents/2020/09.12.2020/Sak%2014120%20Vedl.%201%20-%20Revidert%20veileder%20utviklingsplaner%20v1.0.pdf>)

I prosessen med revidering av utviklingsplanen har vi hatt dialog med interne interessentar og eksterne samarbeidspartar. Vi vil særleg framheve medverknaden frå KS Vest og kommunane under denne revisjonen. Det vart tidleg oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane og Helse Førde. I tillegg har Helse Førde informert undervegs i helse- og omsorgsutvalet for kommunalsjefar, fagleg samarbeidsutval og strategisk samarbeidsutval. Det tette samarbeidet om planen er i samsvar med etablering av [helsefellesskap](https://www.helsedirektoratet.no/tema/helsefellesskap) (<https://www.helsedirektoratet.no/tema/helsefellesskap>). Rammene for etablering av helsefellesskap har gått parallelt med dette planarbeidet.

Utkastet er ei vidareføring av utviklingsplanen frå 2018, men er oppdatert og justert for nye føringar. Mange av dei utviklingsområda som vart peika på i førre plan, er helseføretaket godt i gang med. Helse Førde har i store trekk valt å vidareføre våre ti innsatsområde for å ha kontinuitet i utviklingsarbeidet.

Ti innsatsområde i utviklingsplanen

1. Pasientens helseteneste
2. Kvalitet og pasienttryggleik
3. Oppgåvedeling og samhandling
4. Organisering og leiing
5. Bemanning og kompetanse
6. Forsking og innovasjon
7. Økonomi
8. Teknologi og digitalisering
9. Bygg
10. Samfunnsansvar

Utkastet er overordna. Det vil vidare bli meir konkretisering av tiltak, mellom anna i avdelingane sine handlingsplanar.

Denne gongen er utviklingsplanen heildigital. Helse Førde har delteke i eit regionalt arbeid i Helse Vest om «Neste generasjon plan» med omgjering av planane frå papir til digital løysing. Målet med digitale planar er å gjere dei meir tilgjengelege og lettare å oppdatere. Det er i tillegg mogleg å lenke til andre føringar, analysegrunnlag og tilhøyrande planar. Gjennom den digitale løysinga vil det vere enklare å følgje opp med statusoppdateringar på måloppnåing undervegs.

Nokre nye føringane og endringane som vi har søkt å ta omsyn til

- Helsefelleskap - nasjonalt grep for å samordne helse- og omsorgstenester endå meir. Spesielt retta mot dei fire prioriterte pasientgruppene; skrøpelege eldre, barn og unge, personar med fleire kroniske lidningar og personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem. Det er lagt vekt på at helseføretaka og kommunane skal ha eit forpliktande samarbeid om planar.
- Det utadvendte sjukehuset – fleire digitale løysingar for å gje hjelp heime og kommunisere på avstand, heimesjukehus, tettare samarbeid mellom sjukehus og betre samordning av tenester saman med kommunehelsetenesta.
- Utvikling innan digitalisering for betre kommunikasjon med pasient, samarbeidspartar og mellom medarbeidarar i sjukehusa.
- Oppdaterte befolkningsframskrivingar og sjukdomsutvikling, dette er eit pågåande arbeid og vil bli oppdatert undervegs.
- Auka innsats på rekruttering, utdanning og å dekke framtidig kompetansebehov.
- Smittevern har hatt eit stort fokus dei siste åra med covid-19-pandemien, og denne har også ført til nye arbeidsformer (heimekontor, teamsmøte, mindre reiser, med meir).
- Innovasjon og forskning har vakse i omfang og vorte høgare prioritert dei siste åra, og herunder samarbeid med samarbeidspartar som UH-sektoren og næringslivet.
- Samfunnsansvar, grønt sjukehus og førebyggjande innsats har i større grad vorte oppgåver for spesialisthelsetenesta.

Sentrale innspel frå høyringsperioden

- Kommunane hadde sett det som tenleg med meir konkretiserte og målbare tiltak på kort sikt.
- Kommunane ønskjer ei tydelegare prioritering i planen – helseføretaket bør i større grad vise korleis ein har planlagt å levere helsetenester for mindre ressursar.
- Kommunane etterlyser eit tettare samarbeid kring rekruttering for fleire profesjonar enn legar.
- Kommunane tilrår ei styrking av poliklinikk og sengepostar innan psykisk helsevern.
- Kommunane trekker fram eldrepsykiatri som eit område dei ønskjer eit tilbod frå helseføretaket til kommunehelsetenesta i form av utgreiing, behandling og rettleiing.
- Universitetet i Bergen meiner at oppgåvene kring utdanning treng ei sterkare forankring i planen. Det vert peika på at Helse Førde har utfordringar når det gjeld tilsette med akademisk kompetanse, både med omsyn til undervisningsoppgåvene og av omsyn til å drive forskning. I tillegg bør bygga tilretteleggast for undervisningsaktivitetar.
- Brukarutvalet har levert ei grundig høyringsuttale med mange punkt (viser til vedlegg). Vi nemner mellom anna at dei ønskjer betre system som brukarane kan nytte for tilbakemelding til helseføretaket. Vi må vere merksame på at det er pasientar som ikkje er digitale, og dette må helseføretaket ta omsyn til. Ei sterkare prioritering av psykisk helsevern og opplæring av pasientar og pårørande vert framheva.

Kommentarar

Utviklingsplanen til Helse Førde er ei revidering frå planen i 2018. Utviklingsområda er i store trekk dei same som sist. Planen er oppdatert ettersom det har vorte gjennomført og skjedd ein del på desse fire åra. Mål og tiltak er oppdaterte og justerte.

Høyringsinnspela er verdifulle for å få tilbakemelding på kva område som er for lite framheva eller manglar i utkastet. Helse Førde kjem til å justere innhaldet på nokre område på bakgrunn av høyringsinnspela.

Omgjering av planen frå papir til digitalt format vert generelt tatt positivt imot. I tillegg vert det framheva at planstrukturen er meir lettfatteleg med mål, tiltak og måleindikatorar.

At fleire gir tilbakemeldingar på at tiltaka kunne ha vore meir konkrete, tar vi med oss i det vidare arbeidet. Dette er vi allereie i gang med i dei ulike handlingsplanane til avdelingane.

Konklusjon

Administrerande direktør legg med dette fram utviklingsplanen for Helse Førde til godkjenning. Planen vil bli oppdatert med sentrale høyringsinnspel før den vert oversend til Helse Vest.

Vedlegg

1. Eksterne høyringsinnspel
2. Oppsummering av høyringsinnspel med framlegg til justering av utviklingsplanen